

Rapport del 2

Dato: 09.05.2018

Emne:	Rapport frå skulebesøk Laksevåg vgs 16.03.2018	
Til stades:	Rektor Tove Føsund, ass.rektor Irene Karin Hansen, avdelingsleiarane Line Sætre, Tore Gatland Kleppe, Wenche Raknes og Ingvar Jarle Nilsen, elevrepresentantane Bendik Skogheim 2ST og Kesia Arctander 2EL. Regionsleiar Sissel Øverdal, seniorrådgivar Venke Barrikmo	
Forfall:	Elevinspektør Åshild Birkeland	
Møtetid:	12.15-13.45	Møtestad: Laksevåg vgs

Møteleiar: Sissel Øverdal

Referent: Venke Barrikmo

E. Oppfølging av del 1 i lys av skulen sine resultat

Innspel frå skuleleiinga:

- Elevrådet må framhevest, t.d. på skulen sin skjerm, ITSL osv.
- Klassens time: Strukturen er kjend, men praksis ulik. Kontaktlærar og tillitsvald må få eit felles eigarskap. Timen bør brukast som arena for danning og medborgarskap. Skulestart: Krev ein betre oppfølging, med felles forståing blant alle lærarar og tillitsvalde.

Innspel frå skuleeigar:

- Diskusjonen om organisering og innhald i klassens time og klasseråd, må takast vidare denne våren.
- Bevaringspunkt og utviklingspunkt må leiargruppa ta med seg i vidare arbeid.
- Utarbeide felles norm for læringsmiljøet og verktøy som klassen sin time og skulestart.
- Mobbetal – strakstiltak og tiltak i eit lengre perspektiv

F. Skuleleiinga si rolle i arbeid med tilstandsvurdering og utvikling i lys av pedagogisk plattform

- Behov for akutte tiltak denne våren; ivareta enkeltpersonar framover, noko rektor meiner er det viktigaste i ein krevjande omstillingsperiode.
- Denne våren er det òg viktig at leiargruppa blir ivaretatt.

G. Drøfte val av strategiar og prosessar

- Å få til ein verdig avslutning på skuleåret må prioriterast.
- Kurs for lærarar og elevar med tema trygg skole.
- Krevjande omstillingsprosess krev god organisering av møtearenaer, noko skulen må einast om i vår.
- Både lærar- og elevstemmene må vere med i prosessen.
- Arrangere sommarfest som eit positivt innslag for kollegiet.

H. Prosess vidare og punkt til oppfølging i samtalene mellom rektor og regionleiar

- Leiargruppa – etter omorganisering
- Ny organisering av møtearenaer
- Arbeidet med læringsmiljøet

Godkjent av:

Rektor: Tove Føsund

Regionleiar: Sissel Øverdal